



Aurland kommune

Kommuneplanen sin handlingsdel med økonomiplan

2017 -
2020

Handlingsdelen gjev grunnlag for kommunen si prioritering av ressursar, planleggings- og samarbeidsoppgåver. Kommuneplanen sin handlingsdel skal vidare konkretisera tiltak innanfor kommunen sine økonomiske rammer. Handlingsdelen skal rullerast årleg. Dette er i samsvar med plikta etter kommunelova til å utarbeida økonomiplan, som kan vera ein del av handlingsdelen. Kommunelova §5 stiller krav om at kommuneplanlegginga skal sjåast i samanheng med tilgjengelege økonomiske ressursar og økonomiplanen.

Innhald

Føreord	3
1. Rammevilkåra	4
1.1 Folketalsutvikling og demografi	4
1.2 Bustadbygging 2017-2020	5
1.3 Arbeidsplassar og næringsutvikling	5
2. Metode.....	7
2.1 Korleis prioritere tiltak og oppgåver?	9
3. Kommunal planstrategi	10
4. Økonomiplan 2017-2020.....	11
4.1 Målsettingar for nøkkelområde	11
Driftsresultat.....	11
Likviditetsgrad	13
Gjeldsgrad	13
Premieavvik.....	14
Disposisjonsfond	15
Konsesjonsavgiftsfond	16
4.2 Driftsbudsjett.....	17
4.3 Investeringar.....	21
5. Handlingsdel 2017-2020	25
5.1 Temaområde i planperioden.....	25
5.1.1 Folkehelse, bustad og næring	25
5.1.2 Bærekraft, miljø og beredskap	26
5.1.3 Kommunale tenester.....	27
5.2 Tenesteområde	28
5.2.1 Rådmannsfunksjonane og politisk styring (ansvar 100, 110 og 900.....	30
5.2.2 Kommunale barnehagar - Flåm barnehage og Vangen barnehage	32
5.2.3 Grunnskule – Aurland barne- og ungdomsskule og Flåm skule	32
5.2.4 Kultur	33
5.2.5 Teknisk.....	34
5.2.6 Helse og førebygging	35
5.2.7 Pleie og omsorg	36
5.2.8 Aurland og Lærdal Barnevern.....	37
5.2.9 NAV	38

Vedlegg

- Handlingsplan for kommunedelplan for næring
- Handlingsplan for kommunedelplan for veg og trafikktrygging
- Handlingsplan for kommunedelplan for helse og omsorg
- Handlingsplan for kommunedelplan for fysisk aktivitet og folkehelse
- Handlingsplan for hovudplan for VA
- Oversikt over interkommunale samarbeid

Sentrale styringsdokument:

- Kommunedelplan for næring
- Kommunedelplan for helse og omsorg
- Kommunal planstrategi 2012 - 2015

Kommuneplanen sin handlingsdel med økonomiplan 2017 – 2020 – Kommunal planstrategi
Formannskapet sitt høyringsframlegg

- Grunnlagsmateriale – Analyse og utfordringsdokument i samband med arbeidet med Kommunal Planstrategi(KPS).
- Hovudplan for vatn- og avlaup
- Kommunedelplan for veg og trafikktrygging
- Kommunedelplan for klima og energi
- Kommunedelplan for fysisk aktivitet og folkehelse
- Kommuneplan for Aurland.

Føreord

Dette dokumentet utgjør kommuneplanen sin handlingsdel i tråd med plan- og bygningslova § 11-1 og økonomiplan 2017 - 2020 i tråd med kommunelova § 44. Kommunal planstrategi etter pbl kap 10 er ein del av dokumentet. Planstrategien vil også vera ein del av rullering av kommuneplan som no er starta opp.

Rådmannen sitt forslag til handlingsdel og økonomiplan byggjer på kommuneplanen sin samfunnsdel, vedteken handlingsdel med økonomiplan 2016-2019 og kommuneproposisjonen 2017. Andre relevante grunnlagsdokument er KOSTRA-analyse (KS-K rapport 08/16), Gjennomgang av pleie og omsorg (RO mai 2016) og Kommunebarometeret 2016.

Dokumentet har fem delar (1) Innleiing og rammevilkår, (2) Metode, (3) Kommunal planstrategi, (4) Økonomiplan og (5) Temadel med oversikt over satsingsområde for einingane.

Arbeidet med handlingsdel og økonomiplan vart forankra i kommunestyret sitt økonomiplanseminar der KSK og RO hadde gjennomgangar av KOSTRA og førebelse funn i analysen av pleie og omsorgstenestene i Aurland. Analysen vart presentert for kommunestyret 9 juni 2016. I tillegg til kommunestyret og utvalsmedlemmane, var tenesteleiarane og tillitsvalde med.

Formannskapet fekk i møte 09.06.16 framlagt budsjettnotat nr 1 med inntektsprognosar som ligg til grunn for driftsinntektene i økonomiplandelen for perioden 2017-2020.

Overordna blir det viktig å ha fokus på både tenesteutvikling og samfunnsutvikling. Innanfor tema samfunnsutvikling er beredskap, bustadbygging, folkehelse og klima sentrale tema. Innanfor tenestene vil det vere stort fokus på sørviserklæringar, medarbeidarkartlegging, kostnadsnivå og internkontroll. Når det gjeld investeringar er det framleis ein del tiltak som er knytt til oppattbygginga etter flaumen i 2014 som skal gjennomførast i 2016 og 2017. I tillegg ligg det mange større investeringar i planperioden. Dei høge investeringane gjer det naudsynt å redusere på driftsutgiftene og byggje opp disposisjonsfondet for å ta høgde for renteauke, samt eventuelle større endringar i eigedomsskatten. Rådmannen tilrår at blir gjort ei prioritering av rekkefølge på desse investeringane. Investeringar på område der område ikkje er ferdig regulert, eller som føreset grunnerv er skyve ut i perioden eller teke ut av investeringsplanen. Desse prosjekta må innarbeidast når det er mogeleg å vurdere kva som er realistisk framdrift for prosjektet.

Rådmannen har med dette gitt sine tilrådingar. Det er kommunestyret som vedtek kommunen sine mål og rammer for planperioden. Eventuelle endringar må ha realistisk inndekning. Før formannskapet legg sitt forslag ut på høyring vil målsettingane bli redigert i tråd med formannskapet sitt vedtak.


Aurland, 23.august 2016
Rådmann

Kommuneplanen sin handlingsdel med økonomiplan 2017 – 2020 – Kommunal planstrategi
Formannskapet sitt høyringsframlegg

1. Rammevilkåra

1.1 Folketalsutvikling og demografi

Fram mot 2030 er folketalet i Aurland venta å stige med om lag 250 personar. Dette vil påverka behovet for gode kommunale tenester, bustadar og kommunal infrastruktur i kommunen.



Kjelde: Fylkesspegelen, Sogn og Fjordane Fylkeskommune

Vekst i folketalet og demografisk samansetning har betydning for utviklinga av lokalsamfunnet og for etterspurnaden etter kommunale tenester.

Fram til 2019 er folketalet venta å stige med 54 personar samanlikna med 2015. Tal unge mellom 6 - 12 og mellom 16 - 22 er venta nedgang dei neste åra. Det er venta ein større auke i personar mellom 23 - 66 og mellom 67 - 79. Auken i tal eldre over 80 år er venta frå om lag 2025.

Folketalsutvikling i Aurland

År	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023	2024	2025	2026	2027	2028	2029	2030
0	16	16	16	17	17	17	18	18	18	18	18	18	18	18	18	18	18
1-2	28	32	33	34	34	36	36	36	36	37	38	38	38	38	38	38	38
3-5	45	42	44	46	50	51	53	54	54	55	56	57	57	57	57	57	57
6-12	126	119	118	115	111	110	109	111	115	117	120	123	125	127	128	129	130
13-15	64	60	52	54	51	55	57	54	53	48	49	48	49	50	54	54	54
16-22	159	153	151	151	153	142	144	148	141	142	141	137	140	137	134	136	132
23-66	974	997	996	991	0	6	4	7	1	5	2	4	9	9	6	4	7
67-79	201	204	223	238	243	253	258	265	273	283	292	296	304	313	325	319	327
80-89	86	82	76	81	83	83	78	80	75	79	89	96	104	112	118	128	138
90+	28	31	30	29	27	27	27	29	29	25	24	26	21	24	24	25	23
sum	172	173	173	175	176	179	180	182	184	185	187	190	191	193	195	196	198

1.2 Bustadbygging 2017-2020

Den venta folketalsutviklinga i kommunen fører til eit behov for nye bustadar. Det er i tillegg gjennomført kartleggingar av bustadbehov. I kommunedelplan for næring er tettstadutvikling peika på som ein viktig strategi og tiltak for samfunnsutvikling.

Det er sett i gang prosjekt for sentrumsutvikling for Aurlandsvangen. I tillegg pågår det planarbeid for Flåm og Undredal sentrum.

Tilgjenge på bustader blir oppfatta som eit hinder for tilflytting til kommunen.

Desse bustadprosjekta blir jobba med i planperioden:

1. Bustadprosjekt Fretheimshaugane - del 2
 - Opnar for om lag 20 bustadeiningar i rekkehus, eller 11 einebustadtomter
 - Som ei oppfølging av planen og avtale om makebytte vert det jobba vidare med bustadfelt for Steingjerde som ligg like ved. Steingjerde kan opne for om lag 20 nye bustadeiningar.
2. Bustadprosjekt Ty - del 2
 - Opnar for inntil 25 bustadeiningar
3. Bustadprosjekt Furuly
 - Opnar for 6 - 8 bustadeiningar
 - Skal byggjast ut i regi av kommunen.
 - Bustadsosial føremål/offentleg føremål
4. Bustadprosjekt Smiebakken
 - Opnar for inntil 49 bustadeiningar
 - Er eit langsiktig bustadprosjekt(tomtereserve)
 - Blir gjennomført mindre endring av plan for justering av rekkefølgekrav

1.3 Arbeidsplassar og næringsutvikling

Samfunns- og næringsanalysen som vart utarbeidd for Aurland kommune i 2011 syner at verksemdar innan reiseliv og opplevingar samla sett sysselsett flest. Det er ikkje overraskande at verdiskapinga er størst innan fornybar energi. Oversikta syner ein variert næringsstruktur med mange arbeidsplassar også innan bygg og anlegg og anna tenesteyting. Sysselsetting i offentleg sektor er ikkje med. Tal tilsette i offentleg sektor er høgare enn tal sysselsette innan reiseliv og opplevingar, som er den største næringa innan privat sektor.

Tabell 4: Oversikt over nøkkeltall 2010 fordelt på næring. Kilde: Menon Business Economics

	Antall bedrifter	Antall sysselsatte	Verdiskaping (mill. kr)
Bygg og anlegg	41	126	74
Varehandel og produksjon av forbruksvarer	18	60	24
Reiseliv og opplevelser	58	181	147
Diverse tenesteyting	28	63	41
Jordbruk	61	61	19
Fornybar energi	2	60	823
SUM	208	551	1 128

Næringsutvikling, innovasjon og utvikling av attraktive og trygge arbeidsplassar er viktig for å sikre gode rammevilkår for kommunen framover. Strategiar og tiltak er vedteke i kommunedelplan for næring. Denne er omtala seinare i dokumentet.

Nye oppdaterte tal publisert i samband med NHO si kommuneåring syner om lag same fordeling i sysselsetting mellom ulike sektorar.

1.4 Økonomiske rammevilkår og statlege føringar

Økonomiske rammeføresetnader

Kommunen sine inntekter avhenger av

- Skatt på inntekt og formue for personar
- Eigedomsskatt på verk og bruk, primært eigedomsskatt på kraftverk
- Naturressursskatt
- Konesjonsavgift
- Rammetilskot
- Andre statlege overføringar (tilskot m.m.)
- Utbyte frå ulike selskap

Kommunen sine frie inntekter – utvikling i perioden

Tabell 1

	Årsbudsj.		Økonomiplan			
(Tall i 1000kr)	2016	etter løn	2017	2018	2019	2020
Skatt på inntekt og formue	74 400	74 400	76 265	76 265	76 265	76 265
Rammetilskudd	39 300	39 300	41 465	41 411	41 390	41 370
Eigedomsskatt	54 600	54 600	54 100	53 600	51 600	51 600
Konesjonsavgift	15 300	15 300	15 300	15 300	16 600	16 600
Andre statlige overføringer	1 200	1 200	1 200	1 200	1 200	1 200
SUM FRIE INNTEKTER	184 800	184 800	188 330	187 776	187 055	187 035
Renteinntekter	1 500	1 500	1 500	2 000	2 500	3 000
Utbyte	3 900	3 900	4 000	4 000	4 000	4 000
Renteutgifter	-3 000	-3 000	-3 000	-3 100	-3 200	-3 300
Netto renteutgifter/-inntekter	2 400	2 400	2 500	2 900	3 300	3 700
Mottekne avdrag på lån	1 000	1 000	1 000	1 000	1 000	1 000
Avdragsutgifter	-5 000	-5 000	-8 000	-8 000	-8 000	-8 000
Netto avdragsutgifter	-4 000	-4 000	-7 000	-7 000	-7 000	-7 000
NETTO RENTE- OG AVDRAGSUTGIFTER	-1 600	-1 600	-4 500	-4 100	-3 700	-3 300
TIL FORDELING	183 200	183 200	183 830	183 676	183 355	183 735

(Frå budsjettnotat 1 07.06.2016)

Aurland kommune forventar ein svak auke i skatt på inntekt og formue. På grunn av låge straumprisar, redusert grunnrente og rehabilitering av dammar er eigedomsskatten usikker i planperioden. Det blir lagt til grunn ein reduksjon i eigedomsskatt på minimum 3 millionar i planperioden. Konesjonsavgifta blir auka med om lag 1,5 millionar i 2020 utifrå konsumprisindeksen. Kommunen legg til grunn at det blir utbetalt eit samla utbyte per år frå Aurland energiverk AS og Aurland ressursutvikling AS på minimum 4 millionar (Jf. budsjettnotat 1 07.06.2016).

Kommuneproposisjonen 2017

Frå revidert nasjonalbudsjett 2016 blir det lagt opp til ein realvekst i kommunesektoren sine samla inntekter på mellom 3 ¼ og 4 mrd. kroner. Av dette vil mellom 3,45 og 3,7 mrd. kroner

Kommuneplanen sin handlingsdel med økonomiplan 2017 – 2020 – Kommunal planstrategi
Formannskapet sitt høyringsframlegg

vere frie inntekter til kommunane, og 0,3 mrd. kroner til fylkeskommunane. 300 mill. kroner av veksten er grunngjeven med ytterlegare satsing på rustiltak. Inntektsveksten må sjåast i samanheng med at utgiftene aukar som følgje av folketalsvekst og demografisk utvikling.

Utrekningar frå Teknisk berekningsutval (TBU) tyder på at kommunesektoren kan få meirutgifter i 2017 på om lag 2,5 mrd. kroner, og at om lag 2,1 mrd. kroner må finansierast innanfor dei frie midlane.

Anslag frå departementet tilseier og at pensjonskostnadene vil auke med 850 mill. kroner, grunna reduksjon i avkastning på pensjonsmidlane og auka amortiseringskostnader. Dette skal og dekkast innanfor dei frie midlane.

Basisramma for skjønnsmidlar vert sett til 1 191 mill. kroner, ein reduksjon med 100 mill. kroner frå 2016. Det er usikkert korleis dette vil slå ut for Sogn og Fjordane. Reduksjonen i basisramma til kommunane vert overført til innbyggjartilskotet.

Veksttilskotet vert tildelt kommunar som har hatt ein gjennomsnittleg årleg folketalsvekst over 1,5 prosent i 2016. Sidan folketalsveksten har vore lågare dei siste åra vert vekstgrensa no sett til 1,4 prosent, slik at ein opprettheld tilskotet på dagens nivå.

Innføring av ny modell for selskapskatt frå 2017 vert utsett. Regjeringa vil komme tilbake til dette i kommuneproposisjonen for 2018.

Ansvar for frivilligsentralar skal frå 2017 overtakast av kommunane, og vil bli lagt inn i rammetilskotet.

Andre nasjonale føringar

Stortingsmeldingar som blir lagt fram legg føringar for nasjonal politikk og legg føringar for tilskotsordningar og endringar i lover og forskrifter.

- Klimatilpassing
- Integrering av flyktningar, busetting
- Endring i barnevernslova
- Samhandlingsreforma held fram med nye oppgåver og auka krav til kompetanse
- Ny rammeplan for barnehagar
- Kompetansekrav for lærarar

Kommunereforma

juli 2016 var fristen for kommunane til å gjere vedtak om samanslåing i kommunereforma. Aurland kommune vedtok å halde fram som eigen kommune. Kommunar som ikkje er heilt ferdige med prosessen, vil få høve til å fullføra i løpet av hausten. Regjeringa vil fremja framlegg til endringar i kommunestrukturen for Stortinget våren 2017.

2. Metode

Kommuneplanen er kommunen sin overordna styringsdokument. Planen gjeld for 12 år og behovet for rullert vert handtert gjennom kommunal planstrategi. Kommuneplanen tek stilling til mål og strategiar for Aurlandssamfunnet og for kommunen som organisasjon.

Gjeldande kommuneplan har 7 temaområde:

- Næringsutvikling
- Tettstadsutvikling
- Lokal agenda 21 og berekraftig samfunnsutvikling
- Bustadpolitikk

Kommuneplanen sin handlingsdel med økonomiplan 2017 – 2020 – Kommunal planstrategi
Formannskapet sitt høyringsframlegg

- Folkehelse, universell utforming, barn og unge
- Sikkerheit og beredskap
- Kommunale tenester

Med bakgrunn i kapittel inndelinga i kommuneplan er temaområda i handlingsdel med økonomiplan redusert til tre temaområde. Temaområda er:

1. Folkehelse, bustad og næring
2. Bærekraft, miljø og beredskap
3. Kommunale tenester

Aurland kommune samaordnar økonomiplanen med kommuneplanen sin handlingsdel. Økonomiplan er eit eige kapittel i handlingsdelen. Kommunal planstrategi inngår som del av planen.

Kommuneplan for Aurland kommune Samfunnsdel: 2007 – 2019 Arealdel med konsekvensvurdering: 2008 - 2020						
<p>Visjon: Aurland – det naturlege val!</p> <p>Kommunen sine verdier: <i>Menneske i sentrum, tradisjon og kulturhistorie, langsiktige berekraftig utvikling, samt lokal ressursutnytting og foredling.</i></p> <p>Mål for kommunen: <i>Auke folketalet i kommunen, mangfaldig næringsliv, arbeidsplassar – heile året, bustadar og tomter til alle som ynskjer å busette seg i kommunen, oppretthalde busenad i grendene, attraktive fritidstilbod, trygt oppvekstmiljø, god tenesteyting, arbeide for berekraftig samfunnsutvikling.</i></p>						
Næringsutvikling	Tettstadutvikling	Lokal agenda 21 og berekraftig samfunnsutvikling	Bustadpolitikk	Folkehelse, universell utforming og barne og unge.	Sikkerheit og beredskap	Kommunale tenester
Aurland kommune skal ha heilårsarbeidsplassar innanfor eit mangfaldig næringsliv til alle som ynskjer å arbeide i kommunen	Tettstadane i kommunen skal vere attraktive bustadområde og gode møteplassar for fastbuande og tilreisande. Tettstadutviklinga skal skje med grunnlag i arkitektonisk og kulturhistorisk medvit og vere funksjonelle for alle. Aurlandsvangen skal vere eit sterkt kommunesenter med eit breitt tilbod til innbyggjarar og tilreisande.	Aurland kommune vil trekkje innbyggjarane inn i planlegging og samfunnsutforming i tråd med LA 21. Aurland kommune skal arbeide for å vere eit berekraftig samfunn med omsyn til biologisk, økonomisk, sosial og kulturell berekraft.	Busefnaden i heile kommunen skal oppretthaldast.	Utvikle eit aktivt folkehelsearbeid på tvers av faglege og organisatoriske grenser. Førebygge meir, reparere mindre.	Aurland kommune vil leggja vekt på beredskap og tryggleikssyn i alle kommunal verksemd og planlegging. Det er eit krav om at ambulansenesta må ha heilårleg, akutt døgnavdeling i Aurland.	Aurland kommune skal ha godt tjenestetilbod kjenneteikna ved: God tilpassing til innbyggjarane sitt behov, effektivitet, kvalitetsbevisste og motiverte medarbeidarar og god organisasjonskultur.
Kommuneplanen sin samfunnsdel seier kva som er viktig å halde fokus på i Aurland, oppfølging skjer via tertiarapportering og årsmeldinga						
12-årige mål i kommuneplanen						
4-årige mål i kortsiktig del av kommuneplanen/strategiske mål i strategisk handlingsdel med økonomiplan som gir ambisjonsnivået, dvs kva og når						
Årsbudsjett: Fokusområde, kritiske suksessfaktorar, kva er viktig å gjera for å nå strategiske måla						
Administrativ gjennomgang av vedtatt mål = Verksemdsplan med dei tiltak/arbeidsmål som er viktig for å nå vedtatt mål						

Dei langsiktige måla i vedteken kommuneplan og kommunedelplanar syner kva moglegheiter og utfordringar som er dei viktigaste. Kommuneplanen og kommunedelplanar danner grunnlag for prioriteringar i kommunen sin handlingsdel med økonomiplan. Denne gjeld for fire år og skal rullerast årleg.


Kommuneplanen sin handlingsdel med økonomiplan 2017 – 2020 – Kommunal planstrategi
Formannskapet sitt høyringsframlegg

Oversikt over vedtekne kommunedelplanar:

- Kommunedelplan for næring
- Kommunedelplan for helse og omsorg
- Hovudplan for vatn- og avlaup
- Kommunedelplan for veg og trafikktrygging
- Kommunedelplan for klima og energi
- Kommunedelplan for fysisk aktivitet og folkehelse

I handlingsdelen vedtek kommunestyret strategiar og prioriteringar, som skal vere retningsgivande, innanfor dei ulike temaområda i perioden. Handlingsdelen seier noko om kva tema kvar tenesteeining skal ha eit særleg fokus på. Konkrete mål for kvart tema må konkretiserast i årsbudsjettet og skal rapporterast på per tertial og i årsmeldinga. Kvar tenesteeining har eit ansvar for å bidra til at kommunen når dei målsettingane som kommunestyret fastset gjennom overordna planar.

Samanhengen mellom ulike langtidsplanar i plansystemet og årsbudsjettet er skissert i figuren nedanfor.



2.1 Korleis prioritere tiltak og oppgåver?

Kommunen sine oppgåver kan delast i må, bør og kan oppgåver. Må oppgåver er lovpålagte oppgåver styrt av lover og forskrifter. Bør oppgåver kan vere knytt til nasjonale rettleiarar og interne krav og er knytt til ynskt fagleg og etisk standard. Kan oppgåver er prioriteringar som blir gjort basert på lokale prioriteringar. I rådmannen sitt framlegg er *skal* oppgåver prioritert framfor *bør* og *kan* oppgåver.

3. Kommunal planstrategi

Føremålet med den kommunale planstrategien er å klargjere kva planoppgåver kommunen bør starta opp og/eller vidareføre for å leggje til rette for ei ønskja utvikling i kommunen.

Planstrategien set sterkt fokus på at planlegginga skal vera behovsstyrt, og ikkje gjerast meir omfattande enn naudsynt.

KPS skal fungera som eit politisk verktøy for politisk styring og prioritering av planbehov. Den skal vidare sikre overordna planlegging.

Gjennom arbeidet med kommunal planstrategi vert det avklart om kommuneplanen skal rullerast, samt kva planar som det nye kommunestyret ynskjer å arbeide med i perioden. Planstrategien blir oppdatert ved årleg rullering av kommuneplanen sin handlingsdel med økonomiplan.

Plan og prosessarbeid i Aurland kommune 2017 - 2020	2017	2018	2019	2020	Kommentar:
Kommunale reguleringsplanar					
Planar under arbeid/sluttbehandling					
Reguleringsplan for Ty - del 2					Sluttbehandling 2016
Reguleringsplan for turveg Heggvikji - Bøen					Sluttbehandling 2016
Reguleringsplan for tilkomst Flåm skule					Sluttbehandling 2016
Reguleringsplan for Fåm kyrkje					Sluttbehandling 2016
Reguleringsendring for Helgheim					Sluttbehandling 2016
Reguleringsplan for Fretheimshaugane bustadfelt - del 2					Sluttbehandling 2016
Reguleringsplan for Steingjerde(oppfølging av Fretheimshaugane del 2)	x				Sluttbehandling 2017
Reguleringsplan for Undredal sentrum (områderegulering)					Sluttbehandling 2016
Reguleringsplan for lokalisering ny barnehage					Sluttbehandling 2016
Tilrettelegging næringsareal - forprosjekt og plan Terahagen/Nestahaen	x				Sluttbehandling 2017
Områderegulering Flåm sentrum					Sluttbehandling 2016
Reguleringsendring for gang- og sykkelveg Ty - Høydalen og avkøyrsløp Ty	x	x			Sluttbehandling 2018
Private reguleringsplanar					
Reguleringsplan for Nedre Brekke - Nigarden	x				Usikkert
Reguleringsplan for Midtli					Sluttbehandling 2016
Reguleringsplan for Vangsgaarden	x				Usikkert
Reguleringsplan for Stegastein	x				Usikkert
Reguleringsendring for Orøyane ARU	x				Usikkert
Statlege reguleringsplanar					
Reguleringsplan for E16 Nærøydalen	x				Usikkert
Overordna planar/temaplanar/prosessarbeid					
Kommunedelplan for klima og energi	x				Sluttbehandling 2017
Kommunedelplan for kulturminne	x	x			Sluttbehandling 2018
Kommuneplan for Aurland - samfunnsdel	x				Sluttbehandling 2017
Kommuneplan for Aurland - arealdel	x	x			Sluttbehandling 2018
Kommunal planstrategi 2015 - 2018	x		x	x	Sluttbehandling 2016, ny oppstart i 2018
Kommuneplanen sin handlingsdel med økonomiplan	x	x	x	x	Vert rullert årleg
Budsjettarbeid	x	x	x	x	Vert rullert årleg
Kommunal beredskapsplan					Sluttbehandling 2016
Kommunereforma					Avgjerd 16 juni 2016 i kommunestyre
System for styrka læring	x	x	x	x	
Kommunedelplan for veg og trafiktrygging	x				Rullering 2017
Evaluering politisk organisering					Jf tidlegare vedtak
Antikorruptjonsprogam	x				
Kjerneområde landbruk og kulturlandskap (temaplan)	x				
Forvaltningsplan for hjortevilt (temaplan)					Utsett, usikker framdrift
Sti og løypeplan	x				
Aurlandsvngen - sentrumsutvikling	x				
Prosjekt - reduksjon drift	x	x	x	x	
Plan for bustadsosialt arbeid		x			

4. Økonomiplan 2017-2020

Kommunane har sjølv ansvaret for god økonomistyring. Økonomiplanen tar utgangspunkt i kommuneplanen sine langsiktige mål, strategiar og utfordringar og seier korleis kommunen skal bruke sine ressursar for å nå vedtekne mål. Langsiktige mål og utfordringar kan ikkje løysast på eitt år, men må planleggast, gjennomførast, evaluerast og følgjast opp over tid. Det er eit krav etter kommunelova at kommunen kvart år vedtek ein økonomiplan med finansiering i balanse.

Økonomiplanen skal gi retning for kommunen sin ressursbruk i den komande fireårsperioden. Ressursbruken må vere innafør dei økonomiske rammene kommunen står overfor. Kommunen sine rammevilkår omtala i del 1 ligg til grunn for inntektene i økonomiplan. Kommunestyret sine prioriteringar ligg til grunn for disponeringane i økonomiplan.

Før prioritering av ressursane mellom tenesteområda skjer, bør overordna mål og rammer for kommunen sin økonomiske utvikling vere fastsett. Måla og rammene må ta utgangspunkt i vurderingar om Aurland kommune sin faktiske situasjon. Det bør vedtakast lokale målsettingar på desse nøkkelområda:

- Korrigerert netto driftsresultat
- Likviditetsgrad
- Eigenfinansiering for investeringar
- Gjeldsgrad
- Disposisjonsfond
- Konesjonsavgiftsfond

I tillegg til å fastsette målsettingar på økonomiske nøkkelområde skal økonomiplan fastsette prognosar for driftsinntekter, rammer for driftsutgifter i planperioden og ein plan for investeringar i planperioden. Investeringsplanen skal synleggjere både prioritering og finansiering.

Økonomidelen er inndelt i tre delar:

1. Målsettingar for nøkkelområde
2. Driftsbudsjett
3. Investeringar

4.1 Målsettingar for nøkkelområde

Driftsresultat

Rekneskapet 2015 syner eit driftsresultat på 66,8 millionar. Det store overskotet blir forklar med at kommunen i 2015 fekk overført 64,6 millionar frå staten til oppattbygging etter flaumen i oktober 2014. 49,3 millionar sto ubrukt på fond ved årsavslutning. I tillegg vart det i 2015 innbetalt ti millionar ekstra på utlån frå konsesjonsavgiftsfondet som blir rekna med i netto driftsresultat. Etter alle avsetningar er driftsoverskotet på mindre enn ein million. Korrigerert med bruk av disposisjonsfond hadde kommunen i 2015 eit driftsunderskot.

Korrigert netto drift = Netto driftsresultat - mva investeringar (t.o.m 2013) - netto inntekt premieavvik - avsetning bundne fond + bruk bundne fond.

Brutto driftsinntekter er korrigert for mva investeringar (t.o.m 2013)

Grafen viser korrigert netto driftsresultat på konsernnivå, som betyr at Aurland Hamnevesen KF er inkludert.



I perioden 2010 – 2013 har kommunen gjennomført nødvendige reduksjonar i drifta for å halde på den økonomiske handlefridomen. Likevel er det store svingingar i kommunen sine korrigerte netto driftsresultat over dei siste fire åra. Gjennomsnittleg er det likevel eit resultat som er rimeleg bra målt opp mot normalen i Kommune-Noreg. Talla er likevel svake om ein ser dette opp mot kommunen sitt høge inntektsnivå. I 2014 var korrigert netto driftsresultat dårleg – klart på minussida.

Noko av forklaringa på det dårlege resultatet i 2014 er at kommunen ikkje har utgiftsført kr 5,5 mill i pensjonskostnadar (premieavvik) i rekneskapen. Viser elles til kommentar vedkomande oppsamla premieavvik. Inkludert i dette resultatmålet er hamnevesenet sine resultat. Bli hamnevesenet sitt rekneskapsmessige resultat trekt ut, er netto korrigert driftsresultat endå dårlegare. Det vil sei om lag -3,3% av brutto driftsinntekter i 2014. I 2015 har kommunen igjen eit positivt resultat.

Målområde driftsresultat:

Aurland kommune har som mål å oppnå 3% korrigert netto driftsresultat. Dette vil betre fondsavsetningar og kommunen sitt handlingsrom.

Likviditetsgrad




Likviditetsgrad 2 er eit forholdstal mellom omløpsmidlar og kortsiktig gjeld. Jo høgare forholdstalet er jo betre er kommunen sin betalingsevne. Likviditetsgrad 2 bør være større enn 1.

Aurland kommune har høge inntekter, men likevel er likviditeten til tider svært krevjande. Både inntekter og utgifter i kommunen kjem i ulike periodar. Det er difor viktig å ha ein solid botnlikviditet for å kunne dekke dei daglege betalingsforplikingane. Dei seinare åra har kommunen i periodar vore nøydd til å bruke kassekreditt for å dekke løypande utgifter. I 2015 og i 2016 har situasjonen vore annleis med at kommunen har hatt flaummidlar på bok.

Målområde likviditet:

Aurland kommune skal betre botnlikviditeten med omlag 40 mill. kroner i løpet av planperioden.

Gjeldsgrad



Riksrevisjon skriv i ein rapport om undersøking av kommunane sine låneopptak og gjeldsbelastning (dok 3:5 (2014-2015)) at kommunar med gjeldsnivå over 75 prosent av inntektene, eit driftsresultat under 3 prosent og eit disposisjonsfond på under 5 prosent av inntektene har avgrensa økonomisk handlingsrom.

Kommuneplanen sin handlingsdel med økonomiplan 2017 – 2020 – Kommunal planstrategi
Formannskapet sitt høyringsframlegg

Aurland kommune har hatt relativt låg gjeldsgrad samanlikna med gjennomsnittet i kommunane i Noreg. I 2016 var gjeldsgraden 43,82 prosent. Med dei investeringane som ligg i økonomiplan vil lånegjelda til kommunen auke lånegjelda frå 104,3 millionar i 2016 til 151,5 millionar i 2020. Dette vil gje gjeldsgrad på 62,46%.

Det er viktig å sjå gjeldsbelastninga opp mot god økonomisk kontroll, folketalsutvikling, likviditet og driftsmargar for å vurdere kor mykje gjeld som er forsvarleg å ha. Aurland kommune har hatt ein dårleg likviditetssituasjon og høge driftsutgifter sett opp mot løpande driftsinntekter. For å nå målsettinga om ein gjeldsgrad på maksimalt 60 prosent per 31.12.2020, og på same tid realisere samla investeringar på 220 millionar, må kommunen revurdere investeringsplanane, jobbe for å auke ekstern finansiering av investeringar eller redusere kostnader knytt til planlagde investeringsprosjekt.

Aurland kommune hadde i perioden 2010-2013 ein vedtatt strategi om å redusere lånegjelda. Strategien var eit av fleire tiltak for å redusere kommunen sine driftsutgifter. Denne strategien er ikkje det ikkje lagt opp til å følgje i denne planperioden.

Målområde gjeldsgrad:

Aurland kommune skal ha eit mål om ikkje å overstige om lag 60% i gjeldsgrad.

Premieavvik

Oppsamla premieavvik – i prosent av brutto driftsinntekter


		Aurland	Lærdal	Årdal
Barometer 2011	2010	3,9	4,3	2,8
Barometer 2012	2011	3,4	4,0	3,7
Barometer 2013	2012	5,3	5,8	0,8
Barometer 2014	2013	5,1	5,4	0,1
Barometer 2015	2014	6,8	5,9	2,6

*Akkumulert premieavvik,
Aurland kommune
pr 01.01.14 ca 19 mill*

Netto premieavvik i balansen (eiendel - gjeld) målt i prosent av brutto driftsinntekter. Kilde: SSB, Kostra, kommunekonsern

Kvar haust sender KRD ut et rundskriv som angir forholdstalet mellom diskonteringsrenta og lønnsveksten som skal leggst til grunn for berekningane. I hovudsak er det dette forholdstalet som avgjer nivået på pensjonskostnadane. Nedsetting av forholdstalet siste åra har medført ei årleg auke i pensjonskostnadane til ein gjennomsnittskommune i størrelsesorden 5 -10% årleg. Amortisering av premieavvik og redusert amortiseringstid (frå 15 til 7 år) har og dradd opp den samla pensjonskostnaden dei siste åra

Pensjonsfond 2016 - 2020




Det er forventa ein kostnadsauke dei næraste åra. Dette er usikkert, men kommunen bør ta høgde for ein auke i kostnadane. Pr 31.12.2014 har Aurland kommune eit premieavvik på ca 19 millionar. Dette er pensjonspremie som ikkje er kostnadsført i rekneskapen, sjølv om det er betalt inn til KLP.

Målområde premieavvik:

Kommunen skal innhente halvparten av dette i planperioden, og fondet skal ha ein storleik på 10 mill. kroner 31.12.2020.

Disposisjonsfond

Disposisjonsfond 2006 - 2020




I forslag til kommuneplanen sin handlingsdel 2017-2020 blir det budsjettert ein styrking av fondet. På grunn av usikre prognosar i høve eigedomsskatten er det viktig at kommunen setter av tilstrekkeleg med midlar på fond for å kunne vera forberedt på eventuelle større reduksjonar i inntektene. Målet er at fondet skal ha ein grunnbeholdning på over 20 millionar. Dette er svært viktig for å betre botnløydigheita til kommunen, og for å kunne møte uføresette utgifter i åra som kjem. For å styrke disposisjonsfondet er det planlagt å finansiere investeringar med låneopptak i stor grad, samstundes som att fondet blir styrka. Med dei tiltaka som er tilrådd i planperioden vil avsetninga til fondet aukast frå 2017.

Målområde disposisjonsfond:

Kommunen skal styrke disposisjonsfondet , og det skal ha ein storleik på over 20 mill. kroner 31.12.2020

Konsesjonsavgiftsfond



Diagrammet viser utviklinga i kommunen sitt konsesjonsavgiftsfond i perioden 2006 – 2014, og rådmannen sitt forslag til styrking av fondet i planperioden.

Ved all kraftutbygging som krev konsesjon, blir konsesjonæren pålagt å betale kommunane som blir råka, konsesjonsavgift. Avgifta er både meint å gi kommunane ein del av verdiskapinga og ein kompensasjon for skader og ulemper av allmenn karakter som ikkje blir erstatta på anna måte.

Konsesjonsavgifta baserer seg på ei berekning av kraftverka sin teoretiske produksjonskapasitet – dvs. naturhestekrefter. Avgifta blir fastsett som eit årleg beløp med indeksregulering kvart femte år. Midlane skal brukast i tråd med vedtekne retningslinjer for konsesjonskraftfondet, og er ikkje frie midlar.

Det blir i perioden budsjettert med bruk av konsesjonsavgiftsfondet til investeringar og drift. Det skal lagast eige budsjett for konsesjonsavgiftsfondet kvart år.

Det blir ikkje tilrådd å budsjettere med utlån frå konsesjonsavgiftsfondet i planperioden.

Målområde konsesjonsavgiftsfondet:

Kommunen skal styrke konsesjonsavgiftsfondet , og det skal ha ein storleik på minimum 20 mill. kroner 31.12.2020.

4.2 Driftsbudsjett

	Årsbudsj.	Årsbudsj	Økonomiplan			
(Tall i 1000 kr)	2016	etter løn	2017	2018	2019	2020
Skatt på inntekt og formue	74 400	74 400	76 265	76 265	76 265	76 265
Rammetilskudd	39 300	39 300	41 465	41 411	41 390	41 370
Eigedomsskatt	54 600	54 600	54 100	53 600	51 600	51 600
Konsesjonsavgift	15 300	15 300	15 300	15 300	16 600	16 600
Andre statlige overføringer	1 200	1 200	1 200	1 200	1 200	1 200
SUM FRIE INNTEKTER	184 800	184 800	188 330	187 776	187 055	187 035
Renteinntekter	1 500	1 500	1 500	2 000	2 500	3 000
Utbyte	3 900	3 900	4 000	4 000	4 000	4 000
Renteutgifter	-3 000	-3 000	-4 100	-4 200	-4 300	-4 400
Netto renteutgifter/-inntekter	2 400	2 400	1 400	1 800	2 200	2 600
Mottekne avdrag på lån	1 000	1 000	1 000	1 000	1 000	1 000
Avdragsutgifter	-5 000	-5 000	-6 900	-6 900	-6 900	-6 900
Netto avdragsutgifter	-4 000	-4 000	-5 900	-5 900	-5 900	-5 900
NETTO RENTE- OG AVDRAGSUTGIFTER	-1 600	-1 600	-4 500	-4 100	-3 700	-3 300
TIL FORDELING	183 200	183 200	183 830	183 676	183 355	183 735
Til driftsrammer:						
Politisk leiling	3 036	3 076	3 226	3 076	3 076	2 576
Sentraladministrasjon	10 984	11 193	10 543	10 543	9 343	8 043
Kultur	5 630	5 724	5 169	5 169	5 169	4 634
Aurland Barne og ungdomsskule	19 483	19 885	19 550	19 145	18 875	18 875
Kommunale barnehagar	8 864	9 077	8 327	8 327	8 327	8 327
Flåm skule	6 593	6 726	6 446	6 146	5 846	5 846
Helse og førebyggjande	8 860	9 753	9 853	9 853	9 053	9 053
NAV Aurland	7 611	2 526	2 476	2 476	2 476	2 476
Barnevern	3 052	1 878	1 878	1 878	1 878	1 878
Pleie og omsorg	53 498	60 264	57 264	56 364	54 514	54 514
Kommunal driftseining	25 310	25 718	25 218	24 088	23 288	23 263
Nøytrale inntekter / utgifter	27 724	27 825	27 825	27 725	27 725	27 725
Sal av konsesjonskraft	-4 000	-4 000	-4 000	-4 000	-4 000	-4 000
Lønsoppgjer (blir fordelt)	3 000	0	2 500	3 000	2 500	3 000
Sum fordelt til driftsrammer	179 645	179 645	176 275	173 790	168 070	166 210
Disposisjoner:						
Avsetning til disposisjonsfond	-1 645	-1 645	-5 895	-6 586	-8 785	-9 025
Avsetning til utviklingsfond	-1 500	-1 500	-1 500	-1 500	-1 500	-1 500
Avsetning til særskilde tiltak (PLO)	-1 000	-1 000				
Avsetning til auka pensjonskostnader	-250	-250	-1 000	-2 500	-4 000	-4 500
Bruk av disposisjonsfond (lånefond)	1 000	1 000	1 000	1 000	1 000	500
Overføring til investering	-160	-160	-160	-300	-2 000	-3 000
Netto disposisjoner	-3 555	-3 555	-7 555	-9 886	-15 285	-17 525
Balanse	0	0	0	0	0	0

Skatteinntekter

Dette er skatteinntekter på inntekt og formue på personar samt naturressursskatt. Tala er henta frå Kommunenes Sentralforbund (KS) sine prognosar som er laga etter revidert nasjonalbudsjett som vart lagt fram i mai 2016.

Kommuneplanen sin handlingsdel med økonomiplan 2017 – 2020 – Kommunal planstrategi
Formannskapet sitt høyringsframlegg

Rammetilskot

Rammetilskotet er og henta frå prognosane til KS. Ingen av midlane er øyremerka.

Eigedomsskatt

Dette er det mest usikre av inntektspostane. Det er forventa ein nedgang i eigedomsskatt på kraftverk dei neste åra som følgje av mellom anna lågare straumprisar, redusert grunnrente og damrehabilitering. Me har no fått innsyn i utrekningane frå Sentralskattekontoret for 2016. Sjølv om det er vanskeleg og seie nøyaktig korleis skatten vil utvikle seg dei neste åra kjem det fram at Aurland kommune ligg litt over «maksimumsverdien» noko som medfører at sjølv om grunnlaget blir redusert vil kommunen «ha litt å gå på» før ein kjem under dette maxtaket. Tabellen under viser kva kommunen fekk i eigedomsskatt i 2016 og kva ein ville fått dersom maxtaket ikkje hadde vore gjeldande.

Aurland Kommune	Utan maxtak			
	Grunnlag 2016	Eigedomsskatt	Formuesverdi	Eigedomsskatt
Eco Aurland 1	5 302 583 552	37 118 085	5 597 306 636	39 181 146
Eco Aurland 2 hf	574 323 000	4 020 261	604 593 443	4 232 154
Eco Aurland 2 lf	219 424 239	1 535 970	220 476 156	1 543 333
Eco Aurland 3	575 815 605	4 030 709	578 305 985	4 048 142
Eco Aurland 4	213 006 885	1 491 048	213 281 401	1 492 970
Eco Aurland 5	26 837 000	187 859	-	-
Statkraft Aurland 1	345 190 101	2 416 331	461 843 473	3 232 904
Statkraft Aurland 2 hf	36 916 000	258 412	47 739 670	334 178
Statkraft Aurland 2 lf	9 856 754	68 997	-	-
Statkraft Aurland 3	52 332 752	366 329	59 876 584	419 136
Statkraft Aurland 4	5 273 000	36 911	5 664 414	39 651
Statkraft Aurland 5	19 684 668	137 793	20 627 273	144 391
Aurland Energiverk	23 464 000	164 248	23 464 000	164 248
Holmen Kraft AS	29 537 280	206 761	29 537 280	206 761
Sum kraftverk	7 434 244 836	52 039 714	7 862 716 315	55 039 014

Konsesjonsavgift

Inntekta er på 15,3 millionar kroner pr år fram til 2019 då den blir auka til ca 16,6 millionar kroner ut frå konsumprisindeksen. Avgifta blir avsett til konsesjonsavgiftsfondet.

Andre statlege overføringar

Dette er kompensasjon frå Husbanken for skulebygg og omsorgsboligar som er bygd tidlegare. Summen er avhengig av rentenivået.

Renter

Det er forventa ein viss auke i rentenivået. Dette er det teke omsyn til i framskrivinga.

Utbyte

Utbyte er frå Aurland Ressursutvikling og Aurland Energiverk.

Avdragsutgifter

På opptekne lån pr juni 2016 er avdragsprofilen at kommunen betaler 6,9 millionar kroner i året. Det er muleg å redusere nedbetalinga og dermed forlenge nedbetalingstida. Dette er gjort i 2016 med ca 3 mill.

Driftsrammer

I økonomiplan ligg det 10 millionar i reduksjonar på einingane sine driftsrammer. Reduksjonen tilsvarear om lag 5 prosent av dei frie inntektene. Dei største reduksjonane er føreslått innan pleie og omsorg der reduksjonane tilsvarear om lag 10 prosent av budsjettet for 2016. Nedanfor er utviklinga på rammene kommentert einingsvis:

Politisk leiing og sentraladministrasjon:

Det er lagt inn reduksjon i utgifter på 2,6 millionar som følgje av effektiviseringsprosjekt i slutten av perioden. Endra politisk struktur blir vurdert som ein føresetnad for å nå målsettingane i økonomiplan. Planarbeid og landbrukssaker, som er næringsrelaterte, vert finansiert av konsesjonsavgiftsfondet. Dette utgjør om lag kr 650 000 til saman i året.

Kultur

Ramma er redusert med om lag 900 tusen. Halvparten av reduksjon gjeld tilskotsmidlar som ligg i budsjettet for 2016 og som ikkje er vidareført. For å nå målsettinga i økonomiplan må aktiviteten noko ned i planperioden.

Aurland barne- og ungdomsskule:

Ramma er redusert med 1 millionar som følgje av redusert elevtal. Reduksjon i ramme vil føre til redusert bemanning i skulen eller SFO.

Flåm skule

Ramma for Flåm skule er redusert med om lag 850 tusen. For å nå målsettingane i økonomiplan må eininga vurdere bemanninga både i skulen og i SFO.

Teknisk

Ramma til teknisk er redusert med 2,5 millionar. Det er tilrådd å sjå på mogelegheiter for å effektivisere sommar/vinter vedlikehald og ha ein gjennomgang av avtaler med private. I tillegg skal mogelegheiter for å auke inntekter vurderast før reduksjonar skal gå utover vanleg vedlikehald.

Kommunale barnehagar

Ramma er redusert med om lag 650 tusen frå 2017. Reduksjon er primært knytt til overføring av oppgåver og stillingsressurs frå barnehagane og rådmannsfunksjonen.


Helse og førebygging

Ramma er redusert med 700 tusen i planperioden. I planperioden blir det tilrådd å utgreie interkommunalt samarbeid om legetenester. Ei av målsettingane med interkommunalt samarbeid bør vere reduserte utgifter til tenesta.

Pleie og omsorg:

Det er lagt inn reduksjon i rammer på 5,7 millionar på eininga som følgje av effekt av prosjektet som kommunestyret har vedteke etter ekstern gjennomgang av pleie og omsorg (RO-rapport, mai 2016).

Fordeling 2017



Fordeling 2020




Diagramma syner endringane i fordeling av driftsutgiftene i løpet av perioden.

Kommuneplanen sin handlingsdel med økonomiplan 2017 – 2020 – Kommunal planstrategi
Formannskapet sitt høyringsframlegg

4.3 Investeringar

ÅR		Sum	2017	2018	2019	2020
Tiltak	Budsjett 2016	2017 - 2020				
Helse og omsorg						
Opparbeiding Furuly, Lunde	2 000	13 000	13 000			
Oppgradering sjuke-signal Aurland Høsetur	500	0				
Oppgradering 5 rom Aurland Høsetun		0				
Skjerdalsvegen 28	6 000	18 000	1 000	11 000	6 000	
Oppvekst						
Barnehage	300	50 500	1 500	1 500	25 000	22 500
Branniltak Flåm Barnehage	400	0				
Vatn og avløp						
Høgdebasseng Nedre Fretheim		1 950		1 950		
Renseanlegg Flåm sentrum		3 000	500	2 500		
Høgdebasseng Utbygdi (i samband med Ty)		2 000			2 000	
Høgdebasseng Klokkgarden	700	0				
Desifiseringsplan for Gudvangen		1 100	550	550		
		0				
Høgdebasseng og borebrønn Gudvangen	1 200	2 000	1 300	700		
Vatn og avløp Bakka	500	500	500			
Vangen sentrum		500				500
Natur og idrett						
Symjehall	4 000	37 000	9 000	28 000		
Terapibad		6 000		6 000		
Vegutviding Onstad Bru (svingen på Onsta	500	0				
Turveg Heggviki - Bøen	500	21 000	500	500	500	19 500
Byggeprosjekt						
Oppgradering Heradshuset	2 500	1 800	1 600	200		
Tilrettelegging og prosjektering bustadfelt Fretheimshaugar		5 400	5 400			
Rassikring Nedre Brøkke Flåm	4 500	0				
Skredsikring Otnes bustadfelt/Smiebakken	1 600	0				
Opparbeiding Ty	3 000	9 000	300	4 500	4 200	
Overtaking Ytstebøen bustadfelt	850	7 000	1 750	1 750	1 750	1 750
Areal Smiebakken		0				
Flaum katastrofen 2014						
Investeringar etter flaumen	48 050	30 000	30 000			
Anna						
Heving av Flåm kyrkje	4 000	0				
Heving av kyrkjegard Aurland		200				200
Utskifting gatelys	1 200	3 600	1 200	1 200	1 200	
Gatelys bru til bru i Gudvangen	300	0				
Toalettanlegg Brøkkfossen						
Oppgradering av turstil Brøkkfossen	1 600	0				
Returpunkt renovasjon Gudvangen	300	0				
Engasjement prosjektleiing investeringar 20	1 000	600	600			
Garderobeanlegg rutebilstasjon	800	0				
Skifte av køyretøy/maskiner	300	300	300			
Tilrettelegging næringsareal	500	0				
Breibandsutbygging		2 000	500	500	500	500
IKT - investeringar	800	3 200	800	800	800	800
Gateadresser	100	200	200			
Eigenkapitalinnskot KLP	350	1 400	350	350	350	350
Sum tiltak:	88 350	221 250	70 850	62 000	42 300	46 100

Tiltak	Budsjett
	Heile tusen
Opparbeiding Furuly - Lunde	13 000
Posten skal nyttast til detaljplanlegging og utarbeiding av anbudsdokument for bygging av inntil 8 Husvær på Furuly. Teikningar er utarbeidd og det er søkt om tilskot frå Husbanken	
Skjerdalsvegen 28 - bygningsmessige tiltak innan pleie og omsorg	18 000
Posten skal nyttast til oppføring av nybygg som inneheld fellesareal(aktivitetssenter), personalareal i tilknytning til drifta av Vårdrum og Vetleli og avlastingsleilegheit, tilrettelagt for medleverturnus. Investeringa vil medføre reduserte driftsutgifter på Pleie og omsorg.	
Ny barnehage	50 500
Posten skal nyttast til planlegging og bygging av ny barnehage. Plassering vert avklart av kommunestyret.	
Høgdebasseng Nedre Fretheim	1 950
Posten skal nyttast til bygging av bytt høgdebasseng for å sikre kapasitet for levering av vatn, mellom anna til cruiceskip.	
Renseanlegg Flåm sentrum	3 000
Utskifting/oppgradering av eksisterande slamavskiljar på A-feltet som følgje av utbygging av avløpsnett på strekninga Brekkefossen – Flåm bru.	
Høgdebasseng utbygdi i samband med Ty	2 000
Etablering av nytt høgdebasseng i samband med opparbeiding av nytt bustadfelt på Ty.	
Desifiseringsplan for Gudvangen	700
Sikring av vasskvalitet for Gudvagnen vassverk, sjå hovudplan for VA i Gudvangen.	
Høgdebasseng og borebrønn Gudvangen	1 100
Utviding av kapasitet for Gudvagnen vassverk og etablering av ny grunnvassbrønn, sjå hovudplan for VA for Gudvangen.	
Vatn og avløp Bakka	500
Vidareføring av VA nett i område rundt Grendehuset på Bakka og etablering av utsleppsanlegg til fjorden.	
Vangen sentrum	500
Oppstart av sanering av eldre VA anlegg på Aurlandsvangen, sjå hovudplan for VA.	
Symjehall	37 000
Posten skal nyttast til rehabilitering av symjehallen. Revisjon av forprosjekt er utført i 2016.	
Terapibad	6 000
Etablering av nytt terapibad i tilknytning til nytt garderobeanlegg for symjehallen. Bassenget skal erstatte tidlegare anlegg ved Flåm skule som er lagt ned grunna lekkasjer og elde.	
Turveg Heggviki - Bøen	21 000
Posten skal nyttast til grunnerverev og bygging av turveg.	
Opparbeiding Ty	9 000
Posten skal nyttast til opparbeiding av infrastruktur for nytt bustadfelt på Ty	

Oppgradering Heradshuset	1 800
Posten skal nyttast til oppgradering av tekniske anlegg i Heradshuset, ventilasjonsanlegg og elektriske anlegg	
Bustadfelt Fretheimshaugane	5 400
Posten skal nyttast til opparbeiding av infrastruktur for utviding av Fretheimshaugane bustadfelt.	
Overtaking Ytstebøen bustadfelt	7 000
Posten skal nyttast til gjennomføring av sikringstiltak som følgje av kommunal overtaking av bustadfeltet.	
Investeringar etter flaumen	30 000
Slutføring av tiltak etter flaumhendinga hausten 2014, jf eigen oversikt over tiltak	
Utskifting gatelys	3 600
Vidareføring av kontrakt med Mesta AS om utskifting av gatelys med bruk av LED.	
Engasjement prosjektleiing investeringar	600
Vidareføring av engasjementstilling for prosjektleiing i samband med investeringar.	
Skifte av køyretøy/maskiner	300
Utskifting av køyretøy/maskiner som følgje av elde/slitasje av eksisterande materiell.	
Breibandutbygging	2 000
Utbygging av breiband ut frå vedteken plan for tiltak i områder som dårleg dekning/manglar dekning.	
IKT - investeringar	800 000
Posten skal nyttast til oppgradering av ulike program, som t.d. Ny ESX server for Infodoc og Gericca, utskifting av arbeidsstasjonar og nettverketstyr, etablering av FEIDE, moduler i Visma, Office-lisensar og skanning i tilknytning til Gericca.	
Gateadresser	
Vidareføring av arbeid med etablering av offisielle gateadresser i Aurland kommune.	
Eigenkapitalinnskott KLP	
Innskottet blir bestemt av eigarane (kommunane) på generalforsamlinga.	


Finansiering

I forslag til kommuneplanen sin handlingsdel med økonomiplan 2017-2020 er det samla finansieringsbehovet på 221 250 000 kroner.

Tabellen viser forslag på korleis finansieringsbehovet på 221 250 000 kroner skal dekkast inn. Investeringane finansierast i hovudsak av statleg tilskott, lån, sal av eigedom, bruk av konsesjonsavgiftsfondet og kompensasjon av meirverdiavgift. Lån til andre investeringar er 72,790 millionar i planperioden vil bety auka press på drifta i form av renter og avdrag. Med låge renter i perioden, og med føreslått avdragsprofil på låna, vil ikkje dette få store utslag i denne planen.

ÅR	Budsjett	Sum	2017	2018	2019	2020
Tiltak	2016	2017-2020				
Spelemidler		0				
Mva refusjon	-9 663	-34 900	-7 410	-11 190	-7 150	-9 150
Sal av tomter		-12 000	-1 000	-6 000	-5 000	
Sal av bygg		0				
Husbanktilskot Furuly		-6 000	-6 000			
Tilskot Skjerdalsvegen 28	-3 600	-6 000		-4 000	-2 000	
Bruk av lån VA-formål		-11 050	-2 850	-5 700	-2 000	-500
Bruk av lån til invest utanom va	-10 947	-72 790	-14 680	-20 310	-14 150	-23 650
Refusjon Hamnevesenet Nedre Fretheim		-700	-700			
Tilskot turveg		-4 800				-4 800
Tilskot spelemidler symjehall	-3 500	-12 000		-7 500	-4 500	
Spelemidler/tilskot turveg Brekkefossen	-1 050	-1 050	-1 050			
Tilskot banebelysning	-600	0				
Bruk av disp.fond		0				
Tilbakebetaling lån Fylket (finansiering bjørg)	-3 000	0				
Bruk av skjønsmidler (flaupengar)	-48 050	-30 000	-30 000			
Trafikktryggleiksmidler		0				
Konsesjonsavgiftsfondet	-7 780	-24 500	-7 000	-7 000	-5 500	-5 000
Overført frå drift	-160	-5 460	-160	-300	-2 000	-3 000
Sum finansiering	-88 350	-221 250	-70 850	-62 000	-42 300	-46 100

Investeringar i prosent av inntekter



Stolpediagrammet viser at Aurland kommune har høge investeringar i prosent sett opp mot kommunen sine inntekter. Det gjeld spesielt i dei to første åra i planen. Erfaringsmessig vil gjennomføringskapasiteten i administrasjonen når det gjeld investeringar ligge på om lag 10% av inntektene.

5. Handlingsdel 2017-2020

5.1 Temaområde i planperioden

Temaområda i handlingsdelen skal vere gjennomgåande for alle delar av den kommunale drifta. Handlingsdelen viser prioriterte område for tenesteutvikling i planperioden innan for dei rammene som er fastsett i økonomiplan. Dei fire temaområda er (1) folkehelse, bustad og næring (2) bærekraft, miljø og beredskap og (3) kommunale tenester. Der vedtekne kommunedelplanar omhandlar dei aktuelle temaområda er vedtekne målsettingar henta frå desse.

5.1.1 Folkehelse, bustad og næring

Kor attraktiv kommunen er for tilflyttarar og næringsdrivande heng ofte saman med andre kvalitetar ved lokalsamfunnet som til dømes sørvestilbod, infrastruktur og kulturtilbod. Det er difor viktig at kommunen også har fokus på desse sidene ved samfunnsutviklinga parallelt med målretta innsats for folkehelse, bustad og næring.

Relevante planar for folkehelsearbeidet:

Mål for folkehelsearbeidet er vedteke som ein del av kommunedelplan for fysisk aktivitet og folkehelse. I kommunedelplan for veg og trafikktryggleik og i kommunedelplan for helse og omsorg er det prioritert mange tiltak som vil vere positive for folkehelsa. Gjeldande handlingsprogram for kommunale planar ligg ved.

Målområde folkehelse i planperioden:

Folkehelse tema i all kommunal planlegging
Oversikt over helsetilstand som grunnlag for kommunal planstrategi
Folkehelse vurdert i all kommunal sakshandsaming
Legge til rette for ein aktiv kvardag for alle
Folkehelsearbeid på alle tenesteområde
Førebyggjande helsearbeid og frisklivsaktivitetar
Førebyggje skade og ulykke
Tidleg innsats i høve til barn og unge gjennom tverrfagleg samhandling og samarbeid
Samarbeid med frivillige lag og organisasjonar

Bustad- og tomteutvikling

Kommunen si rolle i samband med bustadutvikling er tilrettelegging for areal. Kommunen opnar for fleksibilitet i val av modellar for tomteutvikling slik at tomteutvikling kan skje anten i kommunal regi eller i privat regi. Bustadsosialt arbeid er ei kommunal oppgåve. Kommunen sitt ansvar er å skaffe bustad til ein del grupper som er rekna som vanskelegstilte på bustadmarknaden.

Målområde bustad:

Tilrettelegging for bygging av fleire nye bustadar
Utarbeide plan for bustadsosialt arbeid
Vere ein pådrivar for breibandutbygging
Prosjekt sentrumsutvikling for Aurlandsvangen

Næringsutviklingsarbeid

Kommunen sine oppgåver på området næring er knytt til tilrettelegging av areal til næringsføremål, generell rådgeving og generelt vere pådrivar i høve til næringsutviklingsarbeid.

Relevante planar for næring

I kommunedelplan for næring, vedteken 19.06.2014, er mål, strategi og tiltak for næringsutvikling i planperioden prioritert. Gjeldande handlingsprogram ligg ved.

Målområde næringsutvikling

Utarbeide nye reglar for bruk av konsesjonsavgiftsfondet

Eigarskapsstrategi for selskap og føretak der kommunen er medeigar.

Utarbeide retningslinjer for utleige av kommunale bygg, areal og eigedom til næringsformål
Oppfølging av prioriterte strategiar og tiltak i handlingsprogrammet til kommunedelplan for næring

Jobbe med ein ny formgjevingsplan for torget i Flåm

Pådrivar i konkrete næringsutviklingsprosjekt

Pådrivar for klimatilpassing i næringslivet

5.1.2 Bærekraft, miljø og beredskap

Kjerneområde landbruk og kulturlandskap

I gjeldande kommuneplan for Aurland er store område sett av som LNF-føremål utan å ha teke stilling til spreidd utbygging av bustad, fritidsbustad eller erverv, samt kjerneområde landbruk. Kjerneområde landbruk og kulturlandskap er ein plan som er viktig å sjå i samanheng med arealdelen til kommuneplan. Utbygging og jordvern er to sider av same sak og "plan for kjerneområde landbruk og kulturlandskap" er starta opp våren 2016.

Framtidsretta omstilling i landbruket er ein viktig strategi i kommunedelplan for næring og denne planen vert eit viktig grunnlagsdokument innan næringsarbeidet.

Forvaltningsplan for hjortevilt

Forvaltningsplan for hjortevilt for Aurland, Lærdal og Årdal vart vedteken i 2011. Planen skal rullerast tidleg i planperioden. Framtidsretta omstilling i landbruket er ein viktig strategi i kommunedelplan for næring og plan for hjortevilt må sjåast i samanheng med denne.

Kommunedelplan for klima og energi

Kommunedelplan for klima og energi, vedteken 16.12.2010 Kommunedelplanen må rullerast kvart 4 år. Gjeldande handlingsprogram ligg ved. Ikkje alle tiltaka som er planlagt er gjennomført.

Kommunal beredskapsplan

I medhald av lov om Sivilbeskyttelse, plan og bygningslova og naturskadelova har kommunen utarbeida overordna ROS som grunnlag for revidering av kommunal beredskapsplan i planperioden.

Vassdirektiv

Forskrift om rammer for vassforvaltninga (vassforskrifta)

Forskrifta trådte i kraft 1. januar 2007 og innførte EUs vassrammedirektiv i norsk forvaltning.

Vassforskrifta stiller nye og tydelege krav til vassforvaltning:

- all vassforvaltning skal samordnast på tvers av alle sektorar som forvaltar vatn (økosystemtankegang).
- alt vatn skal forvaltast innan sitt nedslagsfelt.
- alt vatn skal minst ha god økologisk tilstand.
- alt vatn skal minst ha god kjemisk tilstand.
- samfunnsnytte skal vurderast kontinuerleg.

Kommuneplanen sin handlingsdel med økonomiplan 2017 – 2020 – Kommunal planstrategi
Formannskapet sitt høyringsframlegg

Det er i samsvar med plan- og bygningslova utarbeidd regional plan for forvaltning av vatn(forvaltningsplan). Denne skal rullerast kvart 6. år. Føremålet med ein regional vassforvaltningsplan er å gje ei enkel og oversiktleg omtale av korleis Aurland kommune ønskjer å forvalte vassmiljøet og vassressursane i vassregionen på lang sikt, og i alle sektorar, slik at kommunen når målet med vassforskrifta. Alle forvaltningsnivå og sektorar med mynde er forplikta til å følgje opp forskrifta ved å leggje planen til grunn for si planlegging og verksemd. Det betyr at Aurland kommune skal følgje opp tiltak innafor sine heimla område som til dømes forureiningslova, vassressurslov mm. Aurland kommune er ikkje med på interkommunalt samarbeid på fagområde og har sjølv ansvaret for oppfølging av forvaltningsplanen.

Målområde for bærekraft, beredskap og miljø:

- Naturressursar og miljø
- Kulturminne og kulturmiljø
- Rassikring og flaumsikring
- Klimatilpassing

Aurland kommune skal jobbe for å sikre berekraftig utvikling og tryggleik for menneske og miljø. Kommunen skal jobbe for å ta vare på naturressursane.

Dei viktigaste innsatsområda skal vere:

- Det blir teke omsyn til miljøet i den daglege drifta – «Det grønne skiftet».
- Utarbeide strategiar for besøksforvaltning
- Utarbeide flaumsonekart og erosjonsanalyser for utsette vassdrag
- Faresoneringskart i samband med planarbeid
- Tiltak for rassikring av eksisterande busetnad
- Gjennomføre prosjekt «kartlegging av flaum- og skredsikringstiltak».
- Plan for kjerneområde landbruk og kulturlandskap ligg til grunn for arealplanlegginga
- Regionalt samarbeid gjennom Nærøyfjorden verdsarvpark
- Regionalt samarbeid om arealplanlegging for fjellområda. Oppfølging av handlingsdel til Regionalplan for Nordfjella, m.a. løype- og stiplan.
- Kommunedelplan for kulturminne
- Omsyn til kulturminne og kulturmiljø blir vurdert i kommunal arealplanlegging
- Utarbeide kommunedelplan for kulturminne
- Oppfølging av forvaltningsplan for Indre Sogn vassområde

5.1.3 Kommunale tenester

I tillegg til rolla som samfunnsutviklar er kommunen ansvarleg for tenesteproduksjon ovanfor innbyggjarane. Kommunen har mellom anna ansvar for lovpålagte oppgåver som til dømes helse og omsorg, grunnskule, barnevern og forvaltningsoppgåver etter lovverk. Ei lang rekke lover og forskrifter utgjer dei forventingane som sentrale styresmakter har til kommunen. Lover og forskrifter klargjer i tillegg kva rettar innbyggjarane har til tenester frå kommunen.

I kommuneplanen for Aurland kommune står det at kommunen skal ha eit godt tenestetilbod kjenneteikna ved:

- god tilpassing til innbyggjarane sine behov
- effektivitet
- kvalitetsbevisste og motiverte medarbeidarar
- god organisasjonskultur

Storparten av den kommunale tenesteproduksjonen skjer i regi av kommunen.

På ein del tenesteområde kjøper kommunen tenester frå private eller organiserer tenesteproduksjonen gjennom interkommunalt samarbeid eller egne selskap. Det er viktig at kommunen har eit medvite forhold til at styring gjennom styringsrett og egne tilsette, styring gjennom kontrakt og kontraktsoppfølging og styring gjennom kommunalt eigarskap krev ulike strategiar og ulik kompetanse.


I mange samanhengar er frivillige lag og organisasjonar også er ein viktig ressurs. Det er ikkje eit mål at frivillige lag og organisasjonar skal ta over kommunal tenesteproduksjon, men det er eit mål at det skal vere eit supplement, slik at vi kan nå målsettingar for samfunnsutviklinga. Ei frivillegmelding er eit verktøy for å avklare forventningar mellom kommunen og frivillige lag og organisasjonar.

Målområde kommunale tenester:

- Halde fokus på internkontroll
- Utarbeide og ta i bruk serviceerklæringar på einingane.
- Organisasjonsutvikling

5.2 Tenesteområde

Aurland kommune er organisert med flat struktur, og med to administrative avgjerdsnivå – rådmannen og tenesteleiar. Kommunale tenester er delt i ti tenesteområde pluss rådmannsfunksjonane inkludert stab, støtte og nøytrale inntekter og utgifter. For kvart tenesteområde er det ein tenesteleiar med delegert mynde etter særlov, budsjett, økonomi og personal. Dei ti tenestområda er Flåm barnehage, Vangen barnehage, Aurland barne- og ungdomsskule, Flåm skule, Kultur, Teknisk, Helse- og førebygging, Pleie og omsorg, Aurland og Lærdal barnevern og NAV.



(Organisasjonskart 08.08.16)

For kvart tenesteområde er prioriterte satsingsområde i planperioden kort omtala.

Kommuneplanen sin handlingsdel med økonomiplan 2017 – 2020 – Kommunal planstrategi
Formannskapet sitt høyringsframlegg

Der kommunen har vedtekne fag- og temaplanar er prioriterte strategiar og tiltak i desse fag- og temaplanane, så langt det har vore mogeleg, innarbeidd i handlingsdelen og i økonomiplandelen. For kvart av dei gjennomgåande temaområda (1) folkehelse, bustad og næring (2) bærekraft, miljø og beredskap og (3) kommunale tenester ligg det forventningar til at tenesteeiningane saman og kvar for seg skal bidra til måloppnåinga.

Ein meir utfyllande statusgjennomgang for kvart tenestoområde ligg i årsmeldinga for 2015, Tertialrapport 1.tertial 2016 (KS-sak 053/16), KOSTRA-analyse (KS-K 08/2016), Kommunebarometeret 2016 og Gjennomgang av pleie og omsorg (RO, mai 2015). Generelt syner økonomiplandelen ovanfor ein ubalanse i drift som gjer at kommunen må redusere driftsnivået i planperioden. For å nå målsettingane i økonomiplandelen om eit driftsresultat på 3% må kommunen redusere driftsutgifter med om lag 10 millionar. Dette tilsvarer om lag 5% i høve til budsjett 2016. Ein analyse av kommunen sine KOSTRA –rapporteringar for 2015 syner at kommunen har eit teoretisk handlingsrom på alle einingar. I RO rapport frå mai 2016 ligg det konkrete framlegg til tiltak som kan gjennomførast innanfor pleie og omsorg for å redusere kostnader og dimensjonere tenesta i høve til ein auke i tal eldre.

Nedanfor er nokre konklusjonar frå Kommunebarometeret for 2016. Kommunebarometeret er utarbeidd av Kommunal rapport og måler ikkje kvalitet, men rangerer kommunane i høve til kvarandre.

Kommunebarometeret 2016 Rangering i Kommunebarometeret

Plassering	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016
Grunnskole	97	47	62	16	41	22	26
Eldreomsorg	373	355	268	299	47	23	320
Barnevern	19	293	378	347	213	279	346
Barnehage	334	311	18	39	161	33	356
Helse			71	56	54	61	156
Sosial	396	245	262	222	274		
Kultur		2	3	6	2	5	14
Økonomi	111	45	28	24	20	77	45
Kostnadsnivå		407	421	402	253	427	427
Miljø og ressurser	13		364	309	267	55	95
Saksbehandling			18	27	74	68	
Vann, avløp og renovasjon			32	134	163	211	261

Dette er plasseringene i de ulike sektorene slik de faktisk ble rapportert de ulike årene. Denne serien er ikke sammenliknbar over tid. Vi tar med tallene slik at kommunene skal finne igjen de rapporterte plasseringene.

Kostnadsnivå i Kommunebarometeret

PLASSERINGER OG KARAKTERER

- 5 % **beste** kommunene = karakteren 6
- 5 % **dårligste** kommunene = karakteren 1
- Karakter 3,5-5,9: **Nærmere de beste** enn de dårligste kommunene
- Rangering: 1 = **den «beste»** kommunen.
- Uten data: Rangeres ikke, men gis karakteren **3,5** (middels) for å være med i totaltabellen

5 % vekt i barometeret

	Rapporterte nøkkeltall			Karakter			Plass
	KB 2014	KB 2015	KB 2016	KB 2014	KB 2015	KB 2016	KB 2016
GRUNNSKOLE: Korrigerte netto utgifter til grunnskolesektoren (inkl. SFO), per innbygger (30 %)	17 270	17 480	18 310	1,0	1,0	1,0	421
PLEIE OG OMSORG: Korrigerte netto utgifter til pleie og omsorg, per innbygger (35 %)	24 100	26 230	23 580	1,0	1,0	1,0	419
BARNEHAGE: Korrigerte netto utgifter til barnehage, per innbygger (15 %)	9 670	11 680	9 710	1,3	1,0	1,5	399
BARNEVERN: Korrigerte netto utgifter til barnevern, per innbygger (5 %)	2 280	3 990	3 710	3,1	1,0	1,0	410
SOSIALTJENESTE: Korrigerte netto utgifter per til sosialtjenesten, per innbygger (5 %)	4 500	3 250	3 140	1,0	2,4	2,6	346
KOMMUNEHELSE: Korrigerte netto utgifter på om rådet helse, per innbygger (5 %)	2 990	3 190	3 980	2,3	2,4	1,0	412
ADMINISTRASJON: Korrigerte netto utgifter til administrasjon, per innbygger (5 %)	6 780	7 450	7 130	1,0	1,0	1,0	421

5.2.1 Rådmannsfunksjonane og politisk styring (ansvar 100, 110 og 900)

Administrasjon og styring sin del av det totale driftsbudsjettet

Rådmannsfunksjonane, stab, støtte og politisk styring utgjør 9,18% av brutto budsjett.

Årsverk

Per 31.12.2015 var det 18,8 årsverk ved dei tre ansvarsområda. To stillingar er refundert frå eksterne. To stillingar er finansiert av konsesjonsavgiftsfondet. 0,7 årsverk er knytt til frikjøp av hovudtillitsvalde.

Kommuneplanen sin handlingsdel med økonomiplan 2017 – 2020 – Kommunal planstrategi
Formannskapet sitt høyringsframlegg

Hovudoppgåver

Politisk leiing

Politisk sekretariat

Rådmannsfunksjon

Støttefunksjonar:

- IKT
- Økonomi
- Kommunetorg
- Lønn og personal

Stabsfunksjonar:

- Oppvekst
- Plan
- Næring
- Beredskap

Andre funksjonar

Tilskot Kyrkja

Fellesutgifter m.a. IKT

Kjøp av PPT teneste

Kjøp av tenester bedriftshelseteneste

Velferdsmidlar

Utgifter til revisjon og kontrollutval

Næringsfond

Tilskot Nynorske litteraturdagar

Tilskot Verdsarvparken

Tilskot privat barnehage

Frikjøp av hovudtillitsvalde

Kompetansefond

HMS fond

Status og utfordringar

Aurland kommune har høge kostnader til administrasjon og styring. Det er ein klar samanheng mellom politisk aktivitet og administrasjon.

Satsingsområde i planperioden

- Følgje opp overordna målsettingane i temadelen ovanfor
- Redusere kostnader gjennom
 - god utnytting av IKT
 - fokus på arbeidsflyt
- Vidareutvikling av årshjul (oppfølging av kommunestyret sitt vedtak på område forvaltning, arbeidsmiljø og sørvis erklæringar).
 - Arbeidsmiljø
 - Kvalitetsarbeid
 - Rapportering
- Samarbeid med eksterne om forskingsprosjekt på beredskapsområdet

5.2.2 Kommunale barnehagar - Flåm barnehage og Vangen barnehage

KBA sin del av det totale driftsbudsjettet

Om lag 5% av brutto driftsbudsjett er kommunale barnehagar. I tillegg kjem tilskot til privat barnehage som blir ført på ansvar 900.

Årsverk

15,3 årsverk per 31.12.2015.

Hovudoppgåver

- Drift av kommunale barnehagar

Satsingsområde i planperioden

- Bidra til oppfølging av målsettingane i temaplanen ovanfor
- Oppfølging av mål i utviklingsmeldinga for barnehagar, grunnskular og musikk- og kulturskulen i Aurland
- Redusere driftskostnader i samsvar med målsettingar i økonomiplan. Prognosane for folketal syner ein svak auke i tal på barn i barnehagealder og det er lite ledig kapasitet i barnehagane per i dag for å nå politisk vedteken målsetting om barnehageplass til alle som ynskjer det. Dersom auken blir meir positiv enn prognosen syner må talet barnehageplassar aukast, for å nå målet om barnehageplass for alle som ynskjer det. Bemanning i barnehagen følgje av nasjonal rettleiar til barnehagelova. Barnehagane må sjå på andre driftsmessige sider for å redusere utgiftene.
- Innføring av ny rammeplan for barnehagane
- Kompetanseheving for alle tilsette gjennom fagnettverk i regi av Sogn regionråd
- Det er planlagt oppstart av bygging av ny barnehage i planperioden. I første del av planperioden skal kommunestyret ta endeleg avgjerd om lokalisering av ny barnehage.

5.2.3 Grunnskule – Aurland barne- og ungdomsskule og Flåm skule

Aurland barne og ungdomsskule

ABU sin del av det totale driftsbudsjettet

Aurland barne- og ungdomsskule og vaksenopplæringa sitt budsjett utgjer om lag 10% av brutto driftsbudsjett.

Årsverk

Det var per 31.12.2015 29,1 årsverk ved eininga.

Hovudoppgåver

Grunnskule
Vaksenopplæringa
Sfo
Skuleskyss

Flåm skule

Flåm skule sin del av det totale driftsbudsjettet

Budsjettet til Flåm skule utgjer om lag 3,5 % av brutto driftsbudsjett.

Årsverk

Det var per 31.12.2015 10,4 årsverk ved eininga.

Hovudoppgåver

Grunnskule

Sfo

Skuleskyss

Satsingsområde for grunnskulane i planperioden

- Redusere driftskostnader i samsvar med målsettingane i økonomiplanen ovanfor. Elevtalet ved Flåm skule er venta å vere stabilt i planperioden, medan elevtalet ved Aurland barne- og ungdomsskule er venta å bli noko lågare. Skulane må vurdere bemanning for å nå målsettingane i økonomiplan. I dette ligg både lærartettleik, anna personale og personale i SFO. På grunn av alderssamansetninga ved skulane i Aurland er det venta at reduksjonar kan gjerast i samband med naturleg avgang. Politisk har det ikkje vore ynskjeleg å vurdere skulestruktur.
- Bidra til oppfølging av målsettingar i temadelen ovanfor
- Arbeide for å nå målsettingar vedteke i utviklingsmeldinga for grunnskular, barnehagar og musikk- og kulturskulen
- Vidareføre regionalt samarbeid gjennom Sogn regionråd om «System for styrka læring». I det regionale prosjektet er det mellom anna fokus på psykisk helse og tilpassa opplæring.
- Ungdomstrinnsatsinga er ei nasjonal satsing. Grunnskulane i Aurland skal ha fokus på klasseleiing. Satsinga skal gje kompetanseheving for alle tilsette gjennom skulebasert etterutdanning
- Vidareutdanning av lærarar for å møte nye kompetansekrav
- Rettleiing av nyutdanna pedagogar
- Samarbeid med Høgskulen i Sogn og Fjordane om prosjektet «ASK – Active smarter kids»
- Det er planlagt rehabilitering av symjehall i planperioden.

5.2.4 Kultur

Kultur sin del av det totale driftsbudsjettet

Om lag 3% av brutto driftsbudsjett går til kulturområdet.

Årsverk

Det er 7,5 årsverk knytt til tenesteeining for kultur

Hovudoppgåver

Tenesteeininga kultur omfattar desse områda:

- Kulturadministrasjon
- Arbeid med barn og ungdom
- Folkehelse
- Galleri Vinjum
- Nynorske litteraturdagar

- Kunnskapstunet (bibliotek og infohage)
- Musikk- og kulturskulen
- Generelle kulturtiltak (kulturmidlar)
- Kulturminne og lokalhistorie
- MOT
- Kulturelle skulesekken
- Kulturelle Spaserstokken

Satsingsområde i planperioden

- Redusere kostnader i samsvar med økonomiplanen ovanfor. Kulturavdelinga må vurdere vidare drift utan å erstatte fullt ut stillingar som blir ledige i planperioden.
- Bidra til oppfølging av målsettingar i overordna planar og i temadelen
- Oppfølging av vedtekne målsettingar for utviklingsmeldinga for grunnskular, barnehagar og musikk- og kulturskulen
- Utarbeid frivilligmelding
- Utarbeide kulturminneplan
- Utarbeide sti- og løypeplan
- Vidareutvikle aktiviteten i Heradshuset
- Innføring av ny rammeplan for kulturskulane
- Følgje opp spelemiddelordning
- Følgje opp lovkrav om skriftleg oversikt over folkehelsa etter folkehelselova
- Vidareutvikle biblioteket som møteplass
- Det er må gjerast tiltak i Heradshuset for å sikre forsvarleg arbeidsmiljø. Rehabilitering av Aurland idretts- og samfunnshus (AIS) er ikkje prioritert i planperioden. Mindre tiltak for å ivareta krav til forsvarleg arbeidsmiljø kan bli aktuelt å vurdere i budsjett eller ved rullering av planen.
- Rehabilitering av symjehallen er eit av dei større prosjekta som kommunen ynskjer å prioritere i planperioden.

5.2.5 Teknisk

Teknisk sin del av det totale driftsbudsjettet

Om lag 18% av brutto driftsbudsjett går til Teknisk.

Årsverk

Per 31.12.2015 var det 30,3 årsverk ved eininga.

Hovudoppgåver

Kommunal bygg og eigedom
 Kommunale vegar
 Vatn og avlaup/Miljøstasjon
 Brannberedskap og branntilsyn
 Grøntanlegg
 Byggjesak
 Oppmåling
 Matrikkelføring
 Innkjøp og kontraktsoppfølging
 Oppfølging av investeringsprosjekt
 Byggjetilsyn

Kjerneoppgåvene ved kommunal driftseining omfattar både intern tenesteyting og ekstern tenesteyting.

Satsingsområde i planperioden

- Bidra til å nå målsettingane i temadelen ovanfor
- Reduserte kostnader i tråd med økonomiplandelen ovanfor –auka brukarbetaling på tenester er aktuelle tiltak. Gjennomgang av utleigeavtalar på næringsbygg blir arbeidd med. Det er ligg politiske føringar om sjølvkost på næringsareal. I tillegg blir det tilrådd at det blir vurdert innføring av parkeringsavgift i Flåm sentrum i samband med områdereguleringa som er sett i gang. I tillegg blir det tilrådd ein gjennomgang av avtaler om tenestekjøp frå private. Investeringar knytt til bygg påverkar driftsutgifter ved teknisk. Nedklassifisering av kommunale vegar og sal av eigedom har vore utgreidd og det ligg politiske føringar på begge område.
- Veg og trafikksikring -gjennomføring av planlagde tiltak i kommunedelplan for veg og trafikktryggleik. Handlingsprogrammet ligg vedlagd.
- Tomteutvikling -kommunen sine oppgåver i samband med tomteutvikling vil avhenge av om tomter blir tilrettelagt av kommunen sjølv, eller av privat entreprenør. Føresetnader i økonomiplanen er at tomteutvikling skal skje etter sjølvkost.
- Oppdragering og vedlikehald innan vatn og avløp -oppfølging av vedteken hovudplan for vatn og avløp etter prinsipp om sjølvkost.
- Vedlikehald kommunale bygg -etterslep på vedlikehald av kommunale bygg er rekna til om lag 20 millionar. Omfang og prioriteringar ekstraordinært vedlikehald i planperioden vil avhenge av årlege løyvingar i budsjettet. Ekstraordinært vedlikehald er ikkje lenger innarbeidd i økonomiplan som ei avsetning på fond, men må handterast innanfor eininga sine rammer.
- Vedlikehald av kommunal infrastruktur -omfang og prioritering avhenger av årlege løyvingar i budsjett, samt tilgjengeleg kapasitet på eininga. I første del av planperioden vil oppatt bygging etter flaumen vera prioritert.
- Kompetanseutvikling -ordning med akutthjelpar jf delavtale med Helse Førde om den akuttmedisinske kjeda skal utgreiast. Dersom ei slik ordning skal etablerast må brannmannskap ha relevant opplæring. Elles er deltaking i regionale fagnettverk er prioritert.
- Oppdragering av utstyr og køyretøy -behov for kontinuerleg oppgradering og utskifting av køyretøy. Omfang avhenger av årlege løyvingar i budsjett
- Rassikring -gjennomføring av prioriterte rassikringsprosjekt
- Interkommunal samarbeid om branntilsyn -utgreiing i planperioden.

5.2.6 Helse og førebygging

Helse og førebygging sin del av totale driftsbudsjettet

Omlag 6% av det brutto budsjett går til helsetenester.

Årsverk

Det var 12,8 årsverk ved eininga per 31.12.2015.

Hovudoppgåver

Desse tenestekområda ligg til tenesteeininga helse og førebygging

- Legetenestene
- Fysioterapi
- Ergoterapi

Kommuneplanen sin handlingsdel med økonomiplan 2017 – 2020 – Kommunal planstrategi
Formannskapet sitt høyringsframlegg

- Helsestasjon
- Psykisk helseteneste
- Rusomsorg
- Førebyggjande helsearbeid og friskliv –inkludert treningskontaktar

Satsingsområde i planperioden

- Redusere kostnader i tråd med målsettingar i økonomiplan. Eininga må sjå på moglegheitene til å utvikle tenestene i tråd med nye nasjonale krav innanfor dei rammene, som økonomiplan gir, og gjennom interkommunalt og tverrfagleg samarbeid.
- Bidra til å nå målsettingane i vedtekne overordna planar (e.g. kommunedelplan for helse og omsorg, rusmiddel politisk handlingsplan og kommunedelplan for fysisk aktivitet og folkehelse) og i temadelen ovanfor
- Aurland kommune skal ta initiativ til å utgreie interkommunalt samarbeid om legetenester for å sikre forsvarleg legeteneste framover.
- Psykologkompetanse blir eit krav frå 2020. Løysing for å møte nye kompetansekrav skal utgreiast.
- Frå 2017 får kommunane ansvar for å ha eit akutt døgntilbod innan rus og psykiatri. Det er naturleg å etablere dette som ein del av Sogn lokalmedisinske senter. Kostnader er ikkje kartlagt og innarbeidd i økonomiplan. Kostnader må innarbeidast i budsjett
- Evaluere helsestasjons- og skulehelsetenesta
- Vidareutvikle tverrfagleg samarbeid og aktivt informere om kommunen sin samla aktivitet innan førebygging, friskliv og rehabilitering
- Etablere og ta i bruk telemedisinske løysingar for pasientretta aktivitetar og til kompetanseheving for tilsette
- Oppfølging av relevante delavtaler med helseføretaket

5.2.7 Pleie og omsorg

Pleie og omsorg sin del av det totale driftsbudsjettet

Pleie og omsorg sitt budsjett utgjer 33,5% av brutto budsjett.

Årsverk

Per 31.12.2015 var det 63,5 årsverk ved eininga.

Tenestekjøp frå private aktørar for å drifte heildøgns omsorgstiltak utgjer om lag 27 årsverk.

Hovudoppgåver

- Drift av institusjon
- Drift av heildøgns omsorgstiltak utanfor institusjon
- Avlastning i institusjon
- Avlastning utanfor institusjon
- Heimesjukepleie
- Praktisk bistand, tryggleiksalarm og matombringning
- Dagsenter for demente
- Omsorgsbustader for psykisk utviklingshemma
- Omsorgsbustader andre brukargrupper
- Omsorgsløn, støttekontakt og brukarstyrd personleg assistanse
- Aktivitet eldre og andre

Satsingsområde i planperioden

- Redusere kostnader i tråd med målsettingar i økonomiplan ovanfor. Reduksjonar inneber at tenesta må vurdere mellom anna redusert tenestekjøp frå private, høgare terskel for tildeling av ein del teneste, auka brukarbetaling for ein del teneste og betre utnytting av tilgjengeleg kompetanse. Dersom det blir redusert bemanningsbehov kan det blir aktuelt å ikkje erstatte stillingar som blir ledige.
- Bidra til å nå målsettingar i temadelen ovanfor
- Bidra til å nå målsettingar i overordna planar (e.g vedteken kommunedelplan for helse og omsorg, demensplan, kommunedelplan for fysisk aktivitet og folkehelse)
- Oppfølging av kommunestyret sitt vedtak i KS-sak 066/16 i møte 09.06.16
«Kommunestyret vedtek å setja i gang eit utviklingsarbeid med basis i tilrådingane i framlagt Rapport (RO 31.05.16). Rapporten synleggjer moglege retningsval for å møte framtidige omsorgsutfordringar. Rapporten viser og kva økonomisk handlingsrom kommunen har innanfor pleie og omsorgstenestene på kort og lengre sikt. RO si tilråding er at kommunen fastset ei økonomiske ramme for pleie og omsorgstenesta i kommunen. Denne ramma skal bør vere utgangspunkt for ein omstillingsprosess med mål om å tilby forsvarlege tenester innanfor den fastsette økonomiske ramma. Rammene for pleie og omsorgstenesta i planperioden blir fastsett i økonomiplan ovanfor.
- Oppfølging av forvaltningsrevisjonsrapport 2012 – endre tildelingspraksis for tenester
- Det er planlagt investeringar i nybygg ved Skjerdalsvegen 28 (bygningmessige tiltak innan pleie og omsorg). Nybygget skal bli base for spesialomsorga i kommunen og det er planlagt etablering av ei eller fleire bustadeiningar for brukarar i nybygget. Nybygget skal gje reduserte driftskostnader
- Oppfølging av relevante delavtaler med helseføretaket

5.2.8 Aurland og Lærdal Barnevern

Barnevernet sin del av det totale driftsbudsjettet

Barnevernet sitt budsjett utgjer neste 3% at brutto budsjettet til kommunen.

Årsverk

Det er 5 årsverk i barnevernet

Hovudoppgåver

Barnevernet skal sikre at barn og unge som lever under forhold som kan skade helse og utvikling får naudsynt hjelp og omsorg til rett tid. Samt bidra til at barn og unge får trygge oppvekstvilkår.

Kommunen sine oppgåver innan barnevern er

- Råd og rettleiing
- Førebygging
- Undersøkingar
- Vedtak etter barnevernslova
- Førebu saker til Fylkesnemnda
- Iverksetje og følgje opp tiltak

Satsingsområde i planperioden

- Bidra til å nå målsettingane i økonomiplan om reduserte utgifter. Barnevernet må vurdere redusert kjøp av tenester, bemanning internt og utgifter til hjelpetiltak,

Kommuneplanen sin handlingsdel med økonomiplan 2017 – 2020 – Kommunal planstrategi
Formannskapet sitt høyringsframlegg

samstundes som att naudsynte midlar for å yte tilstrekkelege tenester og tiltak er tilstades. Barnevernet skal framleis ha fokus på tidleg innsats og hjelpetiltak i heimen for redusere behov for omfattande hjelpetiltak på sikt.

- Bidra til å nå målsettingane i temadelen
- Etablere system og handlingsplanar for tidleg intervensjon og tverrfagleg samarbeid
- Internkontroll og kvalitet –halde fram med forbetningsprosjektet
- Etablere system for brukarundersøkingar
- Framlegg til endringar i Barnevernslova –framlegget inneber at kommunane får eit større ansvar for tiltaksapparatet innanfor barnevernstenesta.
- Aurland kommune skal i planperioden vurdere å utvide det interkommunale samarbeidet om barnevernstenester

5.2.9 NAV

NAV sin del av det totale driftsbudsjettet

Om lag 5% av brutto budsjett går til kommunale tenester i NAV.

Årsverk

Det var 2 årsverk knytt faste kommunale stillingar i Nav kontoret. I tillegg refunderer kommunen tilsvarande ½ stilling til den statlege delen av NAV.

Hovudoppgåver

Kommunale oppgåver i NAV

- Økonomisk sosialhjelp
- Bustadsosialt arbeid og husbanken sine ordningar
- Gjeldsrådgjeving
- Flyktingtenesta

Satsingsområde i planperioden

- Bidra til å nå dei økonomiske målsettingane i økonomiplan og i temadelen ovanfor. Når det gjeld bemanning i NAV ligg ikkje Aurland kommune høgt samanlikna med andre kommunar. Nav sitt arbeid i høve til dei økonomiske målsettingane er difor knytta til arbeidsretta innsats. Det er viktig for å nå dei økonomiske målsettingane at kommunen lukkast med intergrering av flyktingar framover.
- Busetting av flyktingar – kommunen har etablert flyktingteneste i NAV. Flyktingtenesta i Aurland og Lærdal har felles fagleg leiing. Aurland kommune har som mål å busetje 30 flyktingar over ein 5 årsperiode. Det er tilsett flyktingkonsulent og det er inngått avtale med Sogn jord- og hagebrukskule om undervisningstilbod i norsk og samfunnsfag. Busetjinga av flyktingar skal etter planen starte hausten 2016 og vil halde fram utover i heile planperioden. Kommunen kan bli utfordra av nasjonale myndigheiter til å busetje fleire flyktingar. Etter kvart vil familieforeining vere aktuelt. Flyktingtenesta vil vere avhengig av godt samarbeid med andre tenesteområde i kommunen, samt privat næringsliv, frivillige og andre offentlege aktørar.
- Styrke den arbeidsretta innsatsen -innsatsen gjeld både individretta oppfølging og bedriftskontakt.
- Bustadsosialt arbeid -bustadsosial handlingsplan blir starta opp i planperioden. Dette vil bli omtala meir gjennom den kommunal planstrategien. Betre tilgang på bustader generelt i Aurland er naudsynt for å kunne jobb målårretta på dette området.